

NVE  
Konsesjonsavdelinga  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 OSLO

## **Høyringsfråsegn: Søknad om løyve til bygging av Øvre Redal kraftverk i Naustdal kommune.**

Vi viser til NVE sitt høyringsbrev av 19.11.2014 og til konsesjonssøknaden med vedlegg som vi har lasta ned via nettet. Fråsegna vår er mellom anna basert på søknaden, info henta via nettet og samtaler med lokalkjende.

### **Om Sogn og Fjordane Turlag:**

Sogn og Fjordane Turlag (sjå [www.turistforeningen.no/sognogfjordane](http://www.turistforeningen.no/sognogfjordane)) er eitt av Den Norske Turistforening sine 57 medlemslag, og fylkeslag for 15 lokale lag spreidd over heile fylket. Medlemstal ved siste årsskifte: 6.081. Øvre Redal kraftverk ligg i Indre Sunnfjord Turlag sitt arbeidsområde, sjå: <http://www.istur.no/>

### **Om friluftsliv i området:**

Etter det vi kjenner til, er utbyggingsområdet i Øvre Redal ikkje mellom dei viktige områda for friluftsliv i Naustdal. Men det går ei turrute opp frå Øvre Redal, sjå stiplinga på kartet i Figur 2 i konsesjonssøknaden. Denne ruta er ein del brukt lokalt, truleg hovudsakleg av dei som bur i Redalen. Ruta er i sterk direkte konflikt med utbygginga. Det gjeld både inntaket og store delar av røyrгатetraseen.

På kartet i Figur 2 er det også stipla ein del andre turruter i området. Mellom anna er det ein del folk som går til Skitnestølen, som ligg i nedslagsfeltet til kraftverket, eit stykke oppstrøms inntaket. Det klårt viktigast turmålet i området, er Blåfjellet like nord for Skitnestølen. Dit er det no merka turrute, og etter det har bruken av denne ruta auka kraftig. No er det mange som går der! Sjå denne linken: <https://www.naustdal.kommune.no/tenester/tenester-a-a/tur-6-bunestolen-blafjellet.12927.aspx> og underlinken som inneheld kart og anna info.

Ettersom turrutene til Skitnestølen og Blåfjellet neppe (vi har ikkje vore på synfaring, og er ikkje 100% sikre) er i visuell konflikt med utbygginga, er den truleg ikkje i konflikt med desse rutene.

### **Kommentarar til utbyggingsplanane:**

**2.1 Hovuddata:** Ei slukevne i intervallet mellom maksimum 181,2% og minimum 18,1% er i dag ei nokså normal vassutnytting. Men middelvassføringa på berre 276 l/s indikerer at dette er ei lita elv.

**2.2.2 Overføringar:** Vi må tilstå at vi ser ikkje ”med begeistring” på slike overføringar der ein på ein del av overføringsstrekninga lagar ei ny kunstig elv. Det blir ikkje så mykje kraft av det heller.

**2.2.4 Inntak:** Bruken av stadlege massar og målsetting om at inntaket skal bli lite synleg i landskapet, synest vi er positiv. Men vi synest ikkje at Figur 12 gir eit godt døme på eit lite synleg inntak. Viss det blir utbygging, håpar vi at resultatet vert mykje betre enn det Figur 12 viser!



**2.2.5 Vassveg:** Vi har ikkje spesielle merknader, men det er klårt at særleg i den nedre bratte delen vil røyrgatetraseen bli svært godt synleg.

**2.2.6 Kraftstasjonen:** Vi merkar oss med glede at det skal leggest stor vekt på støydemping, og at det av omsyn til anadrom fisk er planlagt å installere omløpsventil i kraftstasjonen (sjå under punkt 4 Avbøtande tiltak). Begge deler er viktig og heilt nødvendig for denne utbygginga.

**2.2.8 Vegbygging:** Vi er kritiske til den planlagde vegbygginga i det til dels svært bratte terrenget. Sjølv om det skal leggest vekt på god landskapstilpassing av vegen, blir det ikkje så enkelt å få til i praksis. Særleg vanskeleg blir det i ”hårnålsvingar”. Vi ber NVE om å vurdere om dei store landskapsinngrepa blir akseptable. Vi ber både NVE og utbyggerane om å vurdere om utbygginga kan gjennomførast utan veg, til dømes ved bruk av taubaneteknologi.

**2.2.10 Nettilknytning:** Bruk av kabel fram til eksisterande 22 kV-linje er bra!

### **Kommentarar til verknadane av utbygginga:**

Vi kommenterer her berre enkelte av punkta i konsesjonssøknaden.

**3.5 Raudlisteartar og 3.6 Terristrisk miljø:** Vi har ikkje gått grundig inn på desse fagområda, og reknar med at andre høyringsinstansar og NVE gjer det. Men vi merkar oss at det er ein del naturverdiar og konflikhtar, spesielt i Leiteelva, og stiller oss tvilande til at minstevassføringa er stor nok til å avbøte dei negative konsekvensane.

**3.7 Akvatisk miljø:** Vi merkar oss at elva har betydeleg verdi for ål, laks og sjøaure. Ettersom det skal installerast omløpsventil i kraftstasjonen, vil vasstandsvariasjonar i elva nedstrøms, neppe få særlege negative konsekvensar. Men vi saknar ei god vurdering av kva konsekvensar utbygginga vil få for mattilgangen for fisken og ålen. Det som står i søknaden er ”litt tynt”. **Vi ber NVE om enten å bruke sine fagfolk til å vurdere dette sjølv, eller å krevje ei tilleggsutgreiing frå utbyggerane.**

**3.9 Landskap og INON:** Røyrgatetraseen og vegen – særleg i det brattaste partiet - vil bli svært godt synlege frå fylkesveg 611 både frå dalsida sør for dalen, og når den kryssar dalen nede ved fjorden. I tillegg vil inngrepa bli synelege frå stort sett heile Redalen og frå litt av fjorden. I tillegg blir det ein del INON-tap.

**3.14 Brukarinteresser:** Vi viser til det vi har skrive om dette først i fråsegna.

### **Samandrag av Turlaget sitt syn på utbygginga:**

Øvre Redal kraftverk er i konflikt med friluftsiinteressene, men konfliktnivået er ikkje stort nok til at vi vil gå mot utbygginga med det som grunngeving. For vår del reknar vi med at konfliktane med Landskap og ulike delar av Biologisk mangfald er større i denne saka. Samstundes er det ei lita og relativt dyr utbygging. Men den samla vurderinga/avveginga av dette, overlet vi til NVE å ta.

Sakshandsamar hos oss er underskrivne, tlf. 57 82 69 05, E-post: [alvar-m@online.no](mailto:alvar-m@online.no).

Venleg helsing  
for SOGN OG FJORDANE TURLAG  
Naturvernutvalet

Alvar Melvær (sign.)

